



Geir Atle Hindenes  
Hindenesvegen 832  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 19/1036 - 19/36244

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
05.12.2019

## Korrigert vedtak 2 og løyve til frådeling - gbnr 21/1 Hindenes ytre

**Administrativt vedtak. Saknr: 728/19**


**Tiltakshavar:**

**Ansvarleg søker:** Kjersti og Geir Atle Hindenes  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### Tiltak


Vi syner til vårt vedtak om frådeling og korrigering 04.12.2019. Det er oppdaga usmemje mellom areal som vart avklart ved synfaring med landbrukskontoret og ferdig oppmålt areal. Avviket er på om lag 200 m<sup>2</sup>.

Areal som vart opplyst etter synfaring med landbrukskontoret:



Ferdig oppmålt areal på 1638 m<sup>2</sup>. Areal er i kart merka med svart:





Endeleg areal som vert godkjent frådelt er 1638 m<sup>2</sup>, som syna over.

#### **Planstatus**

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-spredd bustad.

#### **Nabovarsel**

Opphavlege søknad er nabovarsla i samsvar med reglane i pbl. § 21-3. Då dette gjeld ei korrigering og at arealet no vert mindre finn vi at det ikkje er naudsynt å nabovarsle denne endringa.

I medhald av reglane i pbl. § 21-3 andre ledd vert det gjeve fritak for varsling til nabuar. Ein finn at deira interesser ikkje vert råka av arbeidet.

#### **Vatn og avløp (VA)**

Ingen endringar i forhold til gitt løyve.

#### **Tilkomst, avkørsle og parkering**

Ingen endringar i forhold til gitt løyve.

#### **Terrenghandsaming**

Endringa gjeld kun storleik.

#### **Vurdering av pbl § 26-1**

Opprettning eller endring grunneigedom er eit søknadspliktig tiltak etter pbl § 20-2, jf pbl § 20-1 første ledd bokstav m). Det føl vidare av pbl § 26-1 at opprettning/endring av eigedom ikkje må skje på ein slik måte at det oppstår forhold i strid med lova, forskrift, vedtekta eller plan, eller slik at det vert oppretta tomtar som ikkje er eigna til bebyggelse på grunn av storleik, form eller plassering.

Då dette gjeld ei reduksjon av arealet og ikkje nytt areal finn vi at den opphavlege vurderinga framleis gjer seg gjelande i saka.

#### **VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til frådeling av areal på 1638 m<sup>2</sup>:

1. Tiltaket skal plasserast i samsvar med oppmålingskart godkjent i dette vedtaket med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Vilkår som er gitt i vedtak datert 02.10.2019, administrativt vedtak saksnr. 19/1036 gjeld.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvæst. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytt fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 19/1036**

#### **Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

#### **Ansvar**

Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

#### **Oppmåling**

Saka vert oversend Geodata avdelinga. Sakshandsamingsfrist er 16 veker, jf. matrikkelforskrifta § 18. Fristen vert forlenga med den tida som går med til tinglysing og eventuell supplering av opplysingar frå rekvirenten. Kommunestyret har vedteke at tida 01.12-31.03. er vintersesong. Kommunen og rekvirenten kan avtale lengre frist, men ikkje lengre enn 2 år, jf. matrikkellova § 35.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Geir Atle Hindenes

Hindenesvegen  
832

5993

OSTEREIDET